




HALLINGDAL



SØKNAD TILSKOT BREIBAND 2020

1. Skjema for tilleggsinformasjon

<i>Prosjektnavn</i>	Hallingdal, søknad breiband 2020
<i>Søker/prosjekteier</i>	Regionrådet for Hallingdal

Krav knyttet til regelverket for offentlige anskaffelser

Søker vil følge regelverket for offentlige anskaffelser for anskaffelser som gjøres med bakgrunn i innvilgede søknader under denne ordningen. Utfyllende informasjon om regelverket kommer i tildelingsbrevet.

Krav knyttet til regelverket for offentlig støtte

Tildelinger under denne ordningen skjer i tråd med det generelle gruppeunntaket for offentlig støtte¹. Søker bekrefter at:

- Beløpet det søkes om kun er relatert til investeringskostnader for etablering av NGA-nett.
- Området det søkes støtte for har i følge Nkom's dekningskart tilbud om mindre enn 30 Mbit/s i nedlastingshastighet.
- Det vil bli gitt '*bredest mulig grossisttilgang*' i det statsstøttede nettet, jfr definisjon i vedlegg.
- All informasjon som er nødvendig for å dokumentere at ovenstående krav er oppfylt vil bli oppbevart i 10 år.

Nasjonale krav

Krav til tilbudet og tilgang for tilgrensende nett

Prosjektet vil gi et tilbud om minimum 30 Mbit/s nedlastningshastighet til alle (100 %) husholdninger og bedrifter i områder som omfattes av søknaden.

Andre tilbydere vil gis muligheter for å koble seg til de aktuelle nettene for å tilby bredbånd i tilgrensende områder.

Lokal medfinansiering

Bredbåndsstøtteordningen krever at utbyggingsprosjektene samlet på fylkeskommunalt nivå skal ha en lokal medfinansiering på minimum 25%. Kravet gjelder ikke for enkeltprosjekter, men på grunn av at Viken fylkeskommune ikke kan bidra med støttemidler utover de statlige bevilgningene, må hver kommune oppfylle dette kravet.

¹ <http://eur-lex.europa.eu/legal-content/EN/TXT/PDF/?uri=CELEX:02014R0651-20170710&qid=1513261597398&from=EN>

Lokal medfinansiering kan være lokale offentlige midler fra søker/prosjekteier og andre lokale offentlige partnere. Også finansielle midler fra private aktører inklusive forhøyet tilknytningsavgift fra nye bredbåndsabonnenter kan medregnes.

Lokale offentlige bidrag i form av personalressurser til for eksempel prosjektledelse fastsettes etter en timesats på kr 600,-. Lokal dugnadsinnsats fra privatpersoner, grendelag mv. fastsettes etter en timesats på kr 350,-. Graving av grøfter til framføring og på egen tomt fastsettes etter en sats på hhv. kr 350,- og kr 150,- pr meter.

Samlet finansiering av prosjektet er planlagt slik:

1a) Lokale offentlige finansielle midler (kommune)	900.000
1b) Lokal offentlig personinnsats (kommune)	600.000
1c) Lokale private finansielle midler (ikke utbygger/leverandør)	2.065.000
1d) Lokal privat egeninnsats/dugnader (ikke utbygger/leverandør)	2.476.000
1. Sum lokal medfinansiering (1a – 1d)	6.041.000
2. Utbyggers antatte egenandel ²	9.500.000
3. Statlig BB-støtte	7.330.000
Samlet prosjektkostnad (1+2+3)	22.871.000
Lokal medfinansiering i prosent av samlet prosjektkostnad	26,4%

Fritidsboliger

Støttemidler skal ikke anvendes for å etablere tilbud til fritidsboliger. Dette er ikke til hinder for at infrastruktur som etableres for å tilknytte husholdninger eller bedrifter også kan benyttes for å koble til fritidsboliger. Særkostnadene for å etablere tilknytninger til fritidsboliger skal i så fall skilles ut fra regnskapet for det statsstøttete prosjektet.

² Utbyggers antatte egenandel skal IKKE inkluderes i lokal medfinansiering

2.1. Ant. husstander (fastboende) uten tilbud om minimum 30 Mbit/s nedlastnings-hastighet i området som omfattes av søknaden	413
2.2 Ant. husstander (fastboende) som har tilbud om mer enn 30 Mbit/s nedlastnings-hastighet i området som omfattes av søknaden	0
2.3. Sum antall husstander i området som omfattes av søknaden	413
2.4. Eventuelt antall fritidsboliger i området som omfattes av søknaden. (her er det et vesentlig større potensiale)	100

Det understrekes at *alle* husstander og virksomheter i områder det søkes om støtte til, skal få et tilbud om bredbånd med minimum nedlastningshastighet på 30Mbit/s, og opplastningshastighet på 5 Mbit/s.

Bekreftelser

Undertegnede bekrefter på vegne av søker/prosjekteier at alle opplysningene i søknaden er korrekte og kan dokumenteres på forespørsel. Skjemaet kan kun signeres av rådmann.

Sted og dato: Hallingdal 7.8.2020

Knut Arne Gurigard

Regionrådet for Hallingdal

2. Bakgrunn for søknaden

Hvorfor søker kommunen(e) om støtte?

Hovedårsak for søknad er at det fortsatt er flere områder i Hallingdal som ikke har bredbåndsdekning eller dekning av tilfredsstillende kapasitet. Og tilfredsstillende bredbåndstening er mer eller mindre et krav både i forhold til bosetning og næringsliv.

Årsaker til hvite felt er i første rekke:

- Ikke kommersielt interessant å bygge ut
- For lang avstand til nærmeste sentral
- Tekniske begrensninger på kabel som hindrer for bruk av DSL
- Dårlig/ødelagt/gammel telefonkabel som ikke blir utbedret
- Støy på kabel som hindrer leveranse av bredbåndteneste

Hva er kommunen(e)s målsetninger og strategi for bredbånd (kort- og langsiktig)

Hallingdal har en klar målsetting om at innbyggere, næringsliv og hyttehallingen skal ha et framtidrettet bredbåndstilbud, noe som og er synliggjort gjennom den satsingen som er gjort de siste åra. For at Hallingdal skal være attraktiv som bosted, et sted å drive næringsvirksomhet og som turistregion er infrastruktur som bredbånd en selvfølge.

Kommunene i Hallingdal startet i 2001 en bevisst satsing på utbygging av bredbånd til de fleste grender i Hallingdal, i det alt vesentlig med fiber. Utgangspunktet var utbygging til område der markedet ikke ga et tilfredsstillende tilbud. Samtlige sentraler (46 stk) til Telenor ble bygd ut med utstyr for DSL. Og kobbernett til Telenor ble nyttet til sluttbruker. Kobbernett er ikke en fremtidsrettet løsning slik at utbyggingen det blir søkt om tilskudd til gjeld fiber frem til sluttbruker, som ikke har et reelt bredbåndstilbud.

Bredbåndsutbyggingen i Hallingdal har m.a. vært koordinert gjennom Regionrådet for Hallingdal, der Hallingdal krafnett og Hemsedal Energi (kommunene sine nettselskap) har investert ca. 270 mill. kroner frem til i dag.

Hva er foranledningen til at kommunen(e) søker om støtte i år?

Det blir arbeidd målretta ut fra regionale prioriteringer for bredbåndsutbygging, der det hvert år blir gjennomført utbygging ut fra de midler som blir stilt til disposisjon. Det blir og vurdert utbygging i forhold til å utløse tilgrensende område og videreføring av pågående utbyggingsområder.


Hvordan ser deknningen ut i kommunen(e) i dag?

Kommune	≥4/0,5	≥10/0,8	≥25/5	≥30/5	≥50/10	≥100/10	≥100/100	≥1000/1000	≥4/0,5
Flå	100 %	100 %	37 %	29 %	20 %	13 %	13 %	13 %	100 %
Nesbyen	100 %	100 %	68 %	68 %	65 %	65 %	62 %	62 %	100 %
Gol	100 %	100 %	70 %	66 %	57 %	52 %	52 %	33 %	100 %
Hemsedal	100 %	100 %	81 %	77 %	70 %	66 %	66 %	65 %	100 %
Ål	100 %	100 %	59 %	57 %	53 %	50 %	50 %	26 %	100 %
Hol	100 %	100 %	68 %	65 %	57 %	53 %	53 %	34 %	100 %

Dekningsundersøkelse 2019 (Analysys Mason) utarbeidet for Nasjonal kommunikasjonsmyndighet
 Dekningsundersøkelse 2019 viser at det det i Hallingdal fortsatt er mange som ikke har tilbud om høyhastighets bredbånd.

Gi konkrete eksempler på prosjektets betydning for kommunen(e).

Utbygging av bredbånd i Hallingdal har uten tvil vært med å gi positive effekter for bosetting og næringsutvikling. Det er derfor stor vilje til videre utbygging med bruk av lokale midler og egeninnsats. Når det gjelder å legge til rette for bosetting, med Hallingdal som en attraktiv region, er et godt bredbåndstilbud en nødvendighet. Hallingdal er en av få distriktsregioner som over tid har klart å opprettholde et stabilt folketal, der grendene fortsatt syner seg å være attraktive også for den yngre garde. I denne sammenheng syner det seg gang på gang at et godt bredbåndstilbud er avgjørende.



Vedlagte oppslag (vedlegg 3) i Hallingdølen bør være en god illustrasjon på betydningen av bredbåndsutbygging.

Hvilke områder søker kommunen(e) støtte for å bygge ut?

Kommune	Område	Husstander	Bedrifter	Fritidsboliger	Ny teknologi	Eksist. teknologi
Flå	Flå østside	55	4	8	Fiber	Kobber
Nesbyen	Dokken krets	50	2	*	Fiber	Kobber
Nesbyen	Øvre del Rukkedalen	28	1	*	Fiber	Kobber
Gol	Golreppen	60	3	0	Fiber	Kobber
Hemsedal	Thorset	32	2	46	Fiber	Kobber
Ål	Votndalen del 1	96	3	15	Fiber	Kobber
Hol	Kvisla del 2	42	1	26	Fiber	Kobber
Hol	Dagali	50	4	5	Fiber	Kobber
Hallingdal		413	20	*		

- Avklaring uke 33

Beskriv områdene i detalj – med informasjon om husstander, næringsvirksomheter, fritidsboliger, eksisterende infrastruktur osv.

Se tabell områder som det søkes støtte til

Beskriv eventuell dialog kommunen(e) har hatt med utbyggere om områdene.

I forhold til overordnede planer for bredbåndutbygging i Hallingdal har det vært drøftet aktuelle utbyggingsområder ut fra faglig vurdering av behov og henvendelser fra innbyggere og bedriftseiere.

Beskriv eventuell dialog kommunen(e) har hatt med lokale innbyggere rundt områdene.

Kommunene, regionrådet og utbyggingsselskap får stadig henvendelser fra innbyggere om mangel på reell bredbåndsdekning.

I enkelte områder har og innbyggerne organisert seg for å være best mulig samordnet med tanke på utbygging. Dugnadfiber/bygdefiber er her et konsept med samarbeid mellom et lokalt bygdelag og utbygger. Dette er en velprøvd måte å organisere utbyggingen på.

Hvordan skal prosjektet finansieres?

Beløp i mill.kroner

Kommune	Lokale offentlige finansielle midler	Lokal offentlig personinnsats	Lokale private finansielle midler	Lokal privat egeninnsats	Sum lokal medfinansiering	Utbyggers antatte egenandel	Statlig bredbåndsstøtte (NKOM-midler)	Samlet prosjekt kostnad	Egenandel i %
Flå	0,100	0,100	0,275	0,330	0,805	1,210	0,930	2,945	27,460
Nesbyen	0,150	0,100	0,390	0,470	1,110	1,700	1,320	4,130	26,880
Gol	0,150	0,100	0,300	0,360	0,910	1,310	1,080	3,300	27,580
Hemsedal	0,100	0,100	0,160	0,190	0,550	0,650	0,600	1,800	28,950
Ål	0,200	0,100	0,480	0,576	1,356	2,440	1,800	5,596	25,190
Hol	0,200	0,100	0,460	0,550	1,310	2,190	1,600	5,100	25,690
Sum	0,900	0,600	2,065	2,476	6,041	9,500	7,330	22,871	

Hva slags politisk forankring har prosjektet og er det avsatt midler til egeninnsats?

Bredbåndsutbygging i Hallingdal er m.a. forankret i Strategisk plan for Hallingdal, med satsing på årlig utbygging. I nettselskapene sine strategiske planer er også bredbåndsutbygging et prioritert område.

Dersom budsjettet inneholder lokal privat egeninnsats eller lokale private finansielle midler – beskriv postene nærmere og hvordan kommunen(e) planlegger å realisere beløpene.

Det er beregnet kr. 5.000 i lokale private midler pr. husstand

Lokal privat egeninnsats er bregnet til kr. 6.000 pr husstand, ut fra tidligere erfaringer.

Timepris er her satt til kr. 350. Alternativt vil det nyttest private midler.

3. Kart over utvalgte områder



Oversiktskart over omsøkte områder i Hallingdal.

Vedlegg 1 viser detaljkart for de ulike områdene.

Denne adressene kan og nyttest for å sjå kart i detalj (kan zoome inn på ønsket nivå):

<https://kommunekart.com/?urlid=6dc1bfdc-7ba1-4337-88bf-e85e69b28c55>

4. Adresselister for utvalgte områder

Adresselister for utvalgte områder er lagt ved i excel-format. Adresselister for tre av

kommunen vil bli ettersendt. Adresser uten fastboende er ikke tatt ut av listene. I

forbindelse med beregning av %-vis tilknytning i et område er det benyttet erfaringstall, 60 - 90%.


Vedlegg

1. Oversiktskart og detaljkart for de ulike områdene (alle kart er lenket til aktiv kartside)
2. Adresselister for omsøkte områder
3. Medieoppslag bredbåndutbygging Hallingdal

Kart vedr. søknad støtte til utbygging av bredbånd – Viken 2020

Oversiktskart over omsøkte områder i Hallingdal 2020






Flå kommune
Flå østside




HALLINGDL, SØKNAD TILSKOT BREIBAND 2020, VEDLEGG 1




Nesbyen kommune
Dokken krets


HALLINGDL, SØKNAD TILSKOT BREIBAND 2020, VEDLEGG 1



Nesbyen kommune
Øvre del Rukkedalen




Gol kommune
Golreppen



Hemsedal kommune
Thorset



HALLINGDL, SØKNAD TILSKOT BREIBAND 2020, VEDLEGG 1




Ål kommune
Votndalen



HALLINGDL, SØKNAD TILSKOT BREIBAND 2020, VEDLEGG 1



Hol kommune
Kvisla del 2



Hol kommune
Dagali

I løpet av sommaren skal alle fastbuande i Uvdal få fiber

Uvdal Kraftforsyning spissar satsinga på fiberutbygging.

EMBRIK LUKSENGARD
el@hallingdolen.no

Onsdag kveld var det årsmøte i samvirkeselskapet Uvdal Kraftforsyning. Og det vart eit godt årsmøte, skal me tru styreleiar Bjørn Solheim.

– Det var det greiaste årsmøtet me har hatt på mange år. Alle vedtak var samrøystes og styret vart attvald, fortel Solheim.

Samvirkemodell

Tidleg i vinter var det mykje debatt rundt kraftselskapa i Nore og Uvdal. Nore Energi, som kommunen eig, valde etter ein lang debatt å fusjonere med Ringerikskraft. Uvdal Kraftforsyning, som er eit privat samvirkeselskap med ansvar for nettet mellom Dagalifjell til Smådølbrua, var skeptisk til dette valet. Dei tala i staden for eit samarbeid mellom dei to kraftselskapa i Nore og Uvdal.

– Kva konsekvensar får valet til Nore Energi for Uvdal Kraftforsyning?

– Ikkje så store konsekvensar, slik me ser det. NVEs krav om å splitte kraftselskapa i nett og marknad inneber at mange vel ein konsernmodell. Slike prosessar er veldig dyre. Me har vald ein annan modell, og meiner den er god, seier Bjørn Solheim.

Overskot

Uvdal Kraftforsyning held fram som samvirkeføretak. Ifølgje Solheim er det ei god løysing som også sikrar eigarane direkte kontroll.

Selskapet hadde i 2019 eit driftsresultatet på 5,9 millionar kroner. Årsresultatet etter finanskostnader og skatt vart 4,3 millionar. Selskapet har i dag 10 tilsette.

Alle får fiberg

Uvdal Kraftforsyning sel ikkje lenger straum; den biten selde selskapet til Ustekveikja. Fungerande dagleg leiar Frank Skarpås seier til Hallingdølen at selskapet no spissar satsinga på nett og fiber.

– Me har bygd ut fiber lenge, og i løpet av sommaren skal me ha bygd ut fiber til alle fastbuande i Uvdal. Og me går i gang med nokre hyttefelt som står att så fort me har kapasitet, fortel Skarpås.

Innhaldet blir levert av Numedal Fiber som er eigd av dei fire kraftselskapa i Numedal; Flesberg Elektrisitetsverk, Rolag Elverk, Nore Energi og Uvdal Kraftforsyning. No konsentrerer selskapet seg om drift og vidare utbygging av nett og fiber.

Får 12,7 mill. i støtte

Viken fylkeskommune fordeler 61 millionar kroner til kommunane som har vorte hardest råka av koronapandemien.

MAGNUS LINDAHL
mli@hallingdolen.no

Hallingdalskommunane og Nore og Uvdal får til saman 12,7 millionar kroner. Det er Gol og Hol som får mest med høvesvis 3,1 og 3 millionar. I regionen er det Nore og Uvdal som får minst med 600.000.

Det er også den lågaste summen Viken deler ut.

Viken har prioritert

Regionen med Hallingdal og Nore og Uvdal får ein stor del av dei 61 millionane Viken hadde. Målgruppa er bedrifter, og kommunar med høg arbeidsløype og med reiseliv som hjørnestein er prioritert høgast. Heilt rett og viktig at denne delen av Viken får ein stor del av pengane, meiner fylkesrådsleiar Tonje Brenna (Ap).

– Store delar av næringslivet i Hallingdal har fått det beintøft under korona-krisa.

FAKTA

Dette får kommunane

- Gol: 3,1 millionar
- Hol: 3 millionar
- Hemsedal: 2,8 millionar
- Nesbyen: 1,3 millionar
- Flå: 1 million
- Ål: 800.000
- Nore og Uvdal: 600.000

Reiseliv og turisme er kjerneverksemd som har forsvunne nærmast over natta.

Ullensaker får mest

Tildelingane til Gol, Hol

og Hemsedal ligg inne på plass nummer to, tre og fire i Vikens prioriteringar. På topp ligg flyplasskommunen Ullensaker med 3,7 millionar.

– Hovudhensikta med ordninga har vore å hjelpe de kommunane som har fått det aller, aller tøffast under koronakrisa. Då har det også vore viktig at støttebeløpet dei får er av ein viss storleik. Me veit at alle kommunar er råka, og me skulle derfor gjerne hatt meir å fordele, seier fylkesråd for næring i Viken, Johan Edvard Grimstad.



Dagleg leiar i Regionrådet for Hallingdal, Jan Olav Helling, og adm. direktør i Hallingdal Kraftnett, Audun Grynning, Regionrådet for Hallingdal og Hallingdal Kraftnett signert avtala som sikrar ny utbygging av breiband. Dagleg leiar i Bruse, Svein Solhjell, foreviga augneblinken med ein selfie. Seniorrådgjevar Knut Arne Gurigard bak til høgre. FOTO: MAGNUS LINDAHL

Ny avtale sikrar stor fiber-utbygging i Hallingdal

I løpet av 2021 får nye område i alle hallingdalskommunane breiband.

MAGNUS LINDAHL
mli@hallingdolen.no

Fredag morgon signerte daglege leiar i Regionrådet for Hallingdal, Jan Olav Helling, og adm. direktør i Hallingdal Kraftnett, Audun Grynning, avtala som sikrar 300 husstandar breiband.

– Dette er svært viktig for Hallingdal. Det er ei satsing kommunane er samde om. Skal me legge grunnlag for meir busetting, er dette viktig infrastruktur, seier Helling.

Har prioritert område

Områda i kvar kommune er prioritert av Regionrådet for Hallingdal etter innspel frå kommunane. Jobben har vore ute på anbod, men det kom berre eitt tilbud. Det var frå

Hallingdal Kraftnett. Seniorrådgjevar i Regionrådet, Knut Arne Gurigard, meiner det viser at fiberutbygging i Hallingdal ikkje er «kommersielt lønsamt» å bygge ut. Den planlagde utbygginga kostar 60.000 kroner per husstand. Gurigard seier Hallingdal Kraftnetts engasjement har vore avgjerande dei siste 20 åra.

– Hadde me ikkje hatt Hallingdal Kraftnett, hadde store delar av Hallingdal vore utan fiber, meiner Gurigard.

Breiband i 2021

Utbygginga er kostnadsrekna til i overkant av 18 millionar kroner. Det blir finansiert slik:

- Hallingdal Kraftnett: 10 millionar.
- Statlege finansiering: 5,2 millionar.
- Dugnad, eigeninnsats, eigendel: 3,2 millionar.

FAKTA

Desse område får fiber i 2020/2021

- Hol: Hagafoss – Kvisla
- Ål: Sando – Liagardane
- Hemsedal: Huso – Eikre. Bustadfelt Kalveslette
- Gol: Øygardane og Robru
- Nesbyen: Bromma
- Flå: Stavn

– Når kan innbyggerane i områda vente seg breiband?

– Det ligg i planane for 2021. Me har mange andre prosjekt me må fullføre først. Men me reknar med å gjere all planlegging i år, seier dagleg leiar i det Hallingdal Kraftnett-eigde fiberselskapet Bruse, Svein Solhjell.

Mange område utan

Siste 20 åra har Hallingdal

Kraftnett investert netto 270 millionar i breibandutbygging. I 2019 var summen 52,7 millionar.

– Dette er den største investeringa selskapet har gjort, seier Grynning.


Men framleis står mange område i regionen utan breiband.

– Når denne utbygginga er ferdig, vil 40 prosent av husstandane framleis vere utan breiband. For fritidsbustader er talet 85 prosent, seier Solhjell.

Derfor skal utbygginga halde fram dei komande åra. For breiband blir vurdert som avgjerande for å gjere regionen attraktiv for busetting og arbeid. I tillegg handlar det om kommunikasjon og redusert sårbarheit.

– Fiber er like viktig som straum ein gong var, seier Grynning.

FRAMTID FOR HALLINGDAL



FOLKEKRAV: Stadig fleire folk har stadig fleire digitale duppedittar, som alle stiller krav til bandbreidd. Steinar Medhus, dagleg leiar i Hallingdal Breiband, meiner fiberutbygging er god distriktspolitikk.

- Fiber lokkar folk hit

■ Hallingdal Breiband har satsa 50 millionar ■ - Gir tilflytting og hytteliv

Ein effektiv måte å trekkje folk ut i distriktet på er å gi folk breibanddekning via fiberkabel.

BERNT IVAR BERGUM
bib@hallingdolen.no

Dette meiner Steinar Medhus, dagleg leiar i Hallingdal Breiband.

- Gløym alle tilflyttingsprosjekt. Det er med fiber i huset ein sikrar busetjing i utkantstrøk, seier Steinar Medhus.

Telenor størst

Hallingdal Breiband samarbeider med Hallingdal Kraftnett om å bygge framtidens motorveg gjennom regionen. Rundt 50 millionar kroner er alt lagt i fiberjobben. Når Nesbyen-aust står ferdig for som-

maren, har alle hallingdalskommunane fiber.

Det er Telenor som er størst på fiber med sine over 81.000 fiberkunder, særleg konsentrert om dei mest folkerike områda. I meir perifere strøk, som Hallingdal og Nore og Uvdal, er det andre som må trø til.

- Me tek samfunnsansvar og byggjer ut også i grøntede strøk, seier Medhus. Han kan fortelje at til og med Grøndalen i Hemsedal får fiber i løpet av vinteren. Det same gjeld eit bustadfelt ved Solseter i Gol.

Mogeleg med dugnad

Dei mindre lønsame investeringane er moglege blant anna fordi det er med eit element av dugnad. Ved å grave sjølv, eller at fleire går saman om gravejobben, kan kundane halde kostnaden nede. Fleire grendelag er i prat om å gjere gravinga sjølv.

Fiberen er effektiv. Den gir meir lys i glasa enn flyktige tilflyttingsprosjekt, trur Medhus.

- Det er me som ser til at folk kan bu i utkantane, seier han.

I denne samanheng er han for at dei kommunale nettselskapa overtek der private selskap ikkje trør til. Det blir tatt det han kallar «samfunnsansvar». Det er opp mot 9000 husstandar i Hallingdal. Sjølv ikkje Hallingdal Breiband trur alle vil kunne få fiber. Potensialet ligg ein stad mellom 60-80 prosent. Det er langt att dit.

Godt tilbod til hyttefolk

Hallingdal har minst like mange hytter som bustader, og potensialet for fleire er langt større. Det at folk vil ha eit raskt og stabilt nett er også ein del av «reiselivsproduktet», meiner Medhus. Fiber gjer også at folk kan vere meir på hyttene sine.

- Med fiber på hytta er ikkje folk like avhengig av å reise heim for å jobbe. Dei kan kome ein dag før og bli ein dag til, seier han.

Ikkje nye område på teiknebrettet

Det blir ikkje mindre relevant når reisetida til hytta blir korta inn med kortare Rv7 Sokna-Ørgenvika.

- Er det nye område for fiber på gang?

- Me må først ferdigstille dei områda som er under bygging. Fleire bustad- og hyttefelt er under planlegging. Me held døra open for område, men me har ikkje kapasitet til større utvidingar no, seier Medhus. I nye felt, både når det gjeld fast busetjing og fritid, er uansett trekkjerøyr for fiber standard. Det er ikkje like kostbart å blåse fiber når gravinga og røyrlegginga er gjort.

Telenor held korta tett til brystet

I delar av Gol sentrum, Ål sentrum og Geilo sentrum tilbyr Telenor fiber. Om det blir meir, er uvisst.

Per-Aril Meling, informasjonssjef i Telenor opplyser gjerne

kvar dei har bygd ut fiber, men vil ikkje ut med nye planar.

- Me ynskjer ikkje å opplyse om konkrete planar for vidare fiberutbygging før me har bestemt oss og starta med å selje produktet, seier han.

Dette handlar om konkurransemessige forhold, forklarar han.

Ei utbygging blir først lønsam når det blir mange nok å dele investeringskostnaden på.

Flå, Nes, Hemsedal og Nore

og Uvdal har til no ikkje blitt vurdert som lønsam nok av Telenor. Det skjer neppe endringar med det første, med mindre ein reknar seg fram til andre svar, teknologien med eitt blir rimelegare.

FAKTA

Fiber

- Fiberoptikk overfører datasignal som lys.
- Gir høg fart både inn og ut.
- Fiber går like fort uansett fordi kvar enkelt har si linje.
- Hallingdal Breiband legg fiber i samarbeid med Hallingdal Kraftnett og Hemsedal Energi.
- Telenor har bygd ut fiber i tre hallingdalskommunar.

Bustad- og sentrumsområde med fiber (Hallingdal Breiband):

- Tunnellen i Flå
- Nesbyen aust (ferdig innan 1. juni)
- Tuppeskogen og Herad i Gol
- Vestlia og sentrum av Geilo (Geiloporten)
- Hemsedal sentrum (Haugentunet), Svøo II

Hytteområde med fiber (Hallingdal Breiband):

- Golsfjellet (Bualie på Oset og Bjødnaie ved Ørterstølen)
- Primhovda på Ål
- Geilo Fjellandsby, Kikut fjellgrend og Havsdalen

Område med fiber (Telenor):

- Gol sentrum, nord
- Sundre, Tveito og Stave på Ål
- Timrehaugen og Geilomoen i Hol



Grendevest: Ordførar Torleif Dalseide (V) trur på vekst i grenda. Han klipte symbolsk over ein fiberkabel saman med Petter Trinrud (7).

Ein kvit flekk mindre

■ Kvinnegardslia er «online»

Kake og musikk vart til «Cookies» og «mp3» i helga då Kvinnegardslia endeleg fekk breiband.

Bernt Ivar Bergum
bib@hallingdolen.no

Det siste Solveig Holte gjorde før ho drog på grendefest var å leggje ut på Facebook at det var det ho skulle. Endeleg har Kvinnegardslia i Ål fått breiband, som ei av dei siste grendene i Hallingdal.

– Tidlegare måtte me be folk la vere å sende oss bilete på e-post. Det tok så lang tid å laste dei ned, seier Solveig. Ho gler seg saman med om lag 30 frammøtte til grendefest for å markere at ein fem års kamp er over.

Nådde fram med mas

– Det er ikkje kommunen som skal ha æra for dette, sa ordførar Torleif T. Dalseide (V) før han saman med Petter Trinrud (7) klipte over kabelen som symbol på kampen for å få Internett til grenda. Det er snarare Mor til Petter, Trine Trinrud som skal ha den. Ho masar på Hallingdal Kraftnett til dei sette i gang med graving. Men det var først etter at ho hadde samla 17 av dei 25 husstandane i grenda. Etter at Cyberhemsens kopla dei til telefonsentralen på Kvinnegard i april, har det

– som skrifta på kaka antydar – blitt mykje surfing.

Grend i vekst

Dette gir håp til meir tilflytting også meinte ordføraren som fortalde eventuelle frammøtte ungarar at nettet kan nyttast til så mangt. Helge Torsgard er ikkje ungar, men er den som sist flytta til grenda. Når han straks set spaden i jorda for å byggje nytt, er det gått over 20 år sidan sist. No har han kasta ut ustabil mobilt breiband og fått dubla «bandbreidda». Kanskje det kan smitte over på tempoet i bustadbygginga også no.

– Med berre 7-8 minutt ned til sentrum var det berre breibandet som mangla, seier Torsgard som er godt fornøgd med å flytte heim til slektsgarden.

Kvit flekk borte

Dei er ikkje redd for å miste kvarandre sjølv om det moderne samfunnet no har innhenta nok ein kvit flekk på dekningskartet.

– Det blir vel om lag som før, var Trine og Holte samde om, med den skilnaden at no kan dei lese på nettet kva dei driv med hjå naboen.

– No føler me at me er som alle andre, seier Holte.

– No føler me at me er som alle andre

«No føler me at me er som alle andre»

Solveig Holte, breibandbrukar



Cookies: Grenda starta for surfinga i april, så frå no av heiter det berre «Cookies» i Kvinnegardslia.



Haustar godene: Trine Trinrud (t.v.) har chatta med Hallingdal Kraftnett. Helge Torsgard kan difor nyte godt både av kake og breiband.



Grendafest i Kvinnegard: Halve bygda er kopla til. No blir det Surfing, surfing, surfing.



samla og 17 av 25 husstandar er alt

Kan bli: No er det sjansane større for at Ane Torsgard (3), Petter Trinrud (7), Birgit Trinrud (5) og Hedda Torsgard (6) blir buande i Kvinnegardslia også som vaksne.



Gratis: Hol kommune er ikkje sikker på om gratis betyr gratis og vil vente med å kaste betalingsprogramma frå Microsoft på dør.

Hol ventar med å vrake Office

Medan Hol har valt å behalde Microsoft i skulen, sparar dei andre kommunane pengar på gratis programvare.

Bernt Ivar Bergum
bib@hallingdolen.no

Medan resten av hallingdalskommunane går over til fri programvare til hausten, har Hol bestemt seg for å halde fram med å betale lisensar. For Hol blir det 30.000 kroner berre i år. For skulane i Hallingdal er det snakk om hundre tusenar å spare.

Vil spare pengar

Rådmannsutvalet bestemte før jul at alle kommunane i dalen skulle forlate Microsoft si Office-programvare og gå over til Open office som er gratis. I tillegg til å spare på lisensutgifter, vil ei felles IT-plattform mellom alle kommunane gjere samarbeid og utveksling av kompetanse lettare meinte ein. Det er særleg skulane i dalen som vil merke overgangen. No vil samtlege kommunar vere klar med gratisprogramma til skulestart til hausten, så nær som Hol.

Vil vente og sjå

– Kvifor vil ikkje Hol innføre gratisalternativet?
– Vedtaket om å gå over til Open Office står ved lag, men me vil berre ha litt lenger tid

på oss. Det blir ikkje dette året, seier rådmann i Hol Lars Ole Skogen. Kommunen er godt fornøgd med den programvara som er i bruk i dag, og lisenskostnadene var alt teke med i budsjettet, kan han fortelje.

Framleis kritisk

Karsten Moe, IKT-ansvarleg på Hol ungdomsskole, er trass i vedtaket langt meir kritisk til omlegginga. Han har vege Open office og funne det for lett.

– Me opplevde mange feil og problem med å kommunisere med andre program då me testa det. Ofte måtte me ty til støtteprogram, seier han som fryktar langt meir å gjere med gratisprogramma. Då treng det ikkje bli så gratis som ein trudde. – Me veit kva me har, men ikkje kva me får, seier han.

PC framfor maskinvare

Karsten Moe er meir oppteken av å ha nok datamaskiner i skulen, enn kva som er inni dei nett no. Innan utgangen av året vil kommunen rekne to elevar per PC. Høg PC-tettleik er viktigare for holingane i denne omgang. 30.000 kroner er ein liten pris å betale når ein får ein PC-park som ein veit fungerer, meiner han. Korkje han eller rådmannen er redd dette vil setje Hol på sidelina når det gjeld samarbeid på tvers av kommunegrensene i næraste framtid.

– Nei, me kjem etter, men ikkje dette året, seier Skogen.

Gode vaskenaboar

1. mai-helga var det eit lite hyggjeleg syn som møtte kundar som ville ta ut pengar i minibanken i Hemsedal sentrum.

Laurdag morgon var minibankskjermen, som var ute av drift, tilgrisa med regelrett møkk.

Til alt hell var det ei nabobedrift som forbarma seg over saka og vaska vekk skiten. Ein tilsett

i matvareforretninga Coop ved sida av, tok på seg gummihanskar og vaska skjermen rein.

– Eg tykte det var flaut at folk skulle møte noko slikt, fortalde Jacqueline Sørensen hjå Coop.